

RAUD MUSKOVITT

Av Birger Førsund.

I NGU nr. 273 har Helge Askvik ein artikkel om funn av raud muskovitt i Ytre Sogn.

Lokaliteten ligg i ei lita veiskjering ved Varkleivneset, 8 km øst for Lavik. Glimmeren ligg i gneis.

I juli —83 fekk eg tid til ein liten stopp ved lokaliteten. Ved ein rask inspeksjon av skjeringane på begge sider av vegen såg eg ikkje den spesielle muskovittvarianten. I vegkanten ved autovernet var det derimot lett å finne små og store steinar gjennomsatt med små muskovittflak. På mine prøver har dei største glimmerflaka ei lengde opp mot 3 mm. Askvik nemner flak opp til 5 mm.

På friske brot kan ein med lupe sjå eit svart mineral, muligens rutil.

Optiske undersøkingar av glimmeren gav absorpsjonsband som kunne tilskrivast Fe^{3+} + (d-d overgang). Av andre element som kunne bidra til raudfargen vart nemnt Mn og Ti, og då muligens begge ved valens +3.

ANALYSEDATA:

SiO_2	46.21
TiO_2	0.92
Al_2O_3	29.05
Fe_2O_3	4.93
FeO	0.02
MnO	0.54
MgO	2.01
CaO	0.17
Na_2O	0.43
K_2O	10.63
Li_2O	0.0X*
$H_2O +$	4.32
$H_2O -$	0.40

99.63

*X = 5 - 9.

ÅRETS GAVE FOR STEINSAMLAREN: Peter Bancrofts nye bok:

Gem and Crystal Treasures.

Format 237 x 280 mm, 488 sider.
320 bilete i farger, 667 i svart/kvitt

Pris kr. 540,- pluss porto.

Kan tingast frå Torgeir Garmo,
2886 LOM.